

TILLEGG QUATRO FAMILIESPEL

Ide/opphav: Jostein Vågenes

TIPS - KOMPONER DITT EIGE SPEL OG EIGEN VANSKELEGHEITSGRAD!

Treng du større utfordringar, spele og trene med høgare tal?
Endå fleire dilemma? Få betre talforståing? Bruk fantasien!

UTFORDRING



Spel med 3 terningar, tvungen og fri

Spel med 3 terningar som vist under. Bonuskast ved 3 seksarar.

-Addisjon: * $3, 4 \text{ og } 2 = 9$

-Subtraksjon: $5, 4 \text{ og } 2 = -1$ (NB: Vel rekkefølge som gir best poengsum).

-Divisjon: $4, 3 \text{ og } 2 = 0$ (gir 0 uansett kombinasjon))

-Multiplikasjon: * $5, 4 \text{ og } 6 = 120$

*Addisjon og multiplikasjon gir same poengsum uansett rekkefølge.

ELLER, slå saman verdien på to av terningane ved subtraksjon og divisjon slik at du sit att med 2 tal. Då kan du unngå minuspoeng eller 0 poeng:

-Subtraksjon: $5, 4 \text{ og } 2 = 5 + 4 - 2 = 7$

-Divisjon: $4, 3 \text{ og } 2 = 4 + 2 : 3 = 2$ (Eks. 6, 3 og 4 gir 0)

DILEMMA



Spel med 4 terningar, tvungen og fri

Spel med 4 terningar som vist under. Bonuskast ved 4 seksarar.

Ved **addisjon** og **multiplikasjon**:

-addèr og multipliser som tidlegare med alle 4 tala *

Eks:

-Addisjon: * $5, 3, 4 \text{ og } 6 = 18$

-Multiplikasjon: * $6, 3, 5 \text{ og } 2 = 120$

* Gir same poengsum uansett rekkefølge.

MEN, ved subtraksjon og divisjon:

Slå saman 2 og 2 terningar og gå vidare med berre 2 tal.

Eks:

-Subtraksjon: $1, 6, 4, \text{ og } 3$. Poeng:
Kva gir høgast poengsum? $6 + 4 = 10$ og $3 + 1 = 4$ $10 - 4 = 6$

-Divisjon: $6, 2, 4, \text{ og } 3$
Kva gir høgast poengsum? $6 + 4 = 10$ og $3 + 2 = 5$ $10 : 5 = 2$

$3, 4, 5, \text{ og } 4$
Kva gir høgast poengsum? $3 + 5 = 8$ og $4 + 4 = 8$ $8 : 8 = 1$

$3, 4, 5, \text{ og } 3$ er udeleleg og gir 0 poeng.

Ved FRI kan tala brukast til andre reknemåtar.